

Til
Offentleg mynde
Eigar og nabo

Stord, 19.08.2022

Varsel om endring av plangrense og hovudføremål – detaljplan for Moster sentrum, Moster Amfi, gamal ferjekai og molo i Mosterhamn. Planid 202003, Bømlo kommune

I samsvar med plan- og bygningslova vert det med dette meldt om endring av plangrense og hovudføremål for detaljreguleringsplan. Namnet på planen er også endra slik at det samsvarar med område og planlagt regulert arealbruk. Varsel om oppstart er tidlegare varsla i avis og brevform datert 23.10.2020. Etter avtale med kommunen er dette varselet sendt på høyring til grunneigar og tilgrensande naboar i samsvar med ny plangrense.

Forslag til planområde er vist på vedlagte kartutsnitt. Tidlegare dokument i saka, som planinitiativ, referat frå oppstartsmøte med meir finn ein her: Bømlo.kommune.no (etter 01.01.2021, arkivsak nr. 21/727) og her [Bømlo kommune](http://Bømlo.kommune) (før 01.01.2021, arkivsak 2020/467).

Endringa er knytt til endra arealbruk og planområde:


- arealføremål hamnepromenade er teke ut. Planområdet er difor redusert
- ny arealbruk ved den gamle ferjekaien og utvida planområde. Planlagt arealbruk er gjestehamn med forlenging av eksisterande molo, samt bubilparkering.
- Kommunen har starta planarbeid for Serklau Industriområde som omfattar Serklauvegen fram til fylkesvegen. Serklauvegen er difor trekt ut av reguleringsplanen for Moster sentrum etc.

Bakgrunn for endringa

I oktober 2020 varsla ein oppstart av planarbeidet. Prinsippøknad for melding om oppstart vart handsama i utval for areal og samferdsel 14.10.2020. Hovudmålsetnaden med planarbeidet var definert som; *Å få til ei god utvikling av sentrumsområdet i Moster, vidareutvikle områda rundt Moster Amfi og etablere ein hamnepromenade frå gamle ferjekaien, forbi Moster Amfi og nytt bustadfelt på Dalaneset, og fram til Gruvo. Serklauvegen skal dimensjonert for tungtrafikk og trafikksikrast. Fylkesveg 542 er nyleg vedteken, og vert lagt til grunn for planarbeidet.*

Sidan oppstart av arbeidet har ein særleg jobba med utviklinga av Moster sentrum og hamnepromenaden, samt området ved den gamle ferjekaien. Det er gjennomført eit folkemøte for interessentar i sentrum og to folkemøte grunneigarar og interessentar ved sjøområdet. Til møta om sjøområdet vart det presentert konkrete skisser som viser mogleg traseval og utforming av hamnepromenade. Innspela frå grunneigarane var i hovudtrekk negative. Med bakgrunn i tydelege tilbakemeldingar og motstanden frå grunneigarane har ein vurdert og komme fram til at ein tek ut hamnepromenaden frå planarbeidet. Dette inneber at planområdet er redusert. På same møta vart initiativ om oppstillings-plassar for bubil og forlenging av eksisterande molo og gjestebåthamn lagt fram. Dette var alle frammøte einig om var viktig og framtidsetta å få regulert inn. Ein ønskjer difor å gå vidare med dette i delområdet ved den gamle ferjekaien. Innspelet om utviding av molo ved innløpet av hamna inneber at planområdet er utvida noko i sjø.

Status og prinsippavklaringar for planarbeidet er handsama politisk, utval for areal og samferdsel, i møte 09.03.2022. Det vart vedteke at hamnepromenaden vert teke ut av planarbeidet, etablering av gjestehamn og bubilparkering skal vurderast, samt at plangrensa vert endra. Forslag til endra planområde er om lag 151 stort. Tidlegare varsla planområdet var om lag 290 daa.



Figur 1 Plangrense varsla i 2020 (svart stipla linje) og redusert plangrense (blå linje). Sjå også vedlagt kart til brevet med ny plangrense.

Merknader

Moglege merknadar og synspunkt til planarbeidet skal sendast skriftleg:

Innan høringsfristen: **19.09.2022**

Til postadresse: **ABO Plan & Arkitektur Stord AS, Postboks 32, 5401 Stord**

eller e-post: **poststord@abo-ark.no / sarah@abo-ark.no**

Det er ikkje naudsynt å sende kopi av merknadar og innspel til kommunen - dette vil ABO Plan & Arkitektur Stord AS ivareta. Allereie innsendte merknadar følgjer saka, og det er ikkje nødvendig å sende desse på nytt.

Med venleg helsing

ABO Plan & Arkitektur Stord AS

Turid Verdal

Vedlegg

- Planområde
- Til politisk prinsippavklaring: Status for planarbeidet 15.02.2022